



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Årsmelding konsesjonsavgiftsfondet 2024

Vedlegg

- 1 Vedtekter konsesjonsavgiftsfondet
- 2 Årsmelding for konsesjonsavgiftsfondet 2024

Dokument i saka

Bakgrunn

Av §7 i vedtektene for Konsesjonsavgiftsfondet går det fram at det skal leggjast fram ei årsmelding for kommunestyret om verksemda i fondet kvart år. Gjenpart av meldinga skal sendast til fylkeskommune / statsforvaltar.

Vurdering

Det skal utarbeidast årsmelding for Konsesjonsavgiftsfondet. Ein finn mykje av den same informasjonen i årsrekneskapen til kommunen. Det største ankepunktet mot kommunen si forvaltning av desse midlane er, og har i lengre tid vore, måten ein fylgjer opp § 1 i vedtektene.

Hovudregelen er at fondet minimum skal ha ein grunnkapital på 2 års årlege konsesjonsavgifter, som vil sei ca kr 66 mill. basert på inntektene i 2024. Årsmeldinga syner at fondet elles er nytta i samsvar med kommunens eigne vedtekter.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Årsmelding for konsesjonsavgiftsfondet for 2024 vert godkjent.